


Årsmelding 2021

Hareid sokn



Godkjent av Hareid sokneråd 15.02.2022 sak SR 08/22

Innhald

1. Saksliste årsmøtet	3
2. Frå soknepresten	4
3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd	5
3.1. Tilsette og frivillige	9
3.2. Soknerådet sine underutval 2021	10
4. Kyrkjeleg årsstatistikk	11
4.1. Medlemskap DnK	11
4.2. Gudstenestedeltaking og nattverd	12
4.3. Dåp	12
4.4. Konfirmasjon	13
4.5. Ekteskapsinngåing	13
4.6. Gravferd	13
4.7. Inn- og utmeldingar DnK	14
4.8. Digitale aktivitetar i 2021	14
5. Gudstenestelivet	15
6. Diakoniarbeidet	18
7. Kyrkja og kyrkjegarden	22
7.1. Kyrkja	22
7.2. Kyrkjegarden	23
8. Misjon & misjonsprosjektet	26
9. Kyrkjemusikalsk arbeid	28
9.1. Hareid Barnekantori	30
10. Undervisning og trusopplæring	32
10.1. Tiltak i trusopplæringa	34
11. Hareid frivilligsentral	35
12. Kyrkjelydshuset	39
12.1. Vil du støtte kyrkjelydshuset?	40
13. Økonomi	41
14. Kommunikasjon & kontakt	43



1. Saksliste årsmøtet

Rekneskap og budsjett vert lagt fram i årsmøtet/kulturdag laurdag 19. mars 2022 på kyrkjelydshuset.

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2021 for Hareid sokn
3. Rekneskap 2021
4. Budsjett 2022
5. Orienteringar



MEIR HIMMEL PÅ JORDA: 17. mai vart gudstenesta utandørs i fineveret. Dett gjorde at fleire kunne ta del enn innandørs, grunna smittevernrestriksjonar. Foto: Hareid sokn

2. Frå soknepresten

«Fellesskap» er eit fundament for både den einskildes liv og for kyrkjelyden. Pandemien har råka oss kanskje sterkast i nettopp dette. Vi treng å sjå kvarandre og å verte sett. Der rører det seg heilt på djupet i oss.

Kva kjenneteikna så det siste året? Bland alle svara som kunne haldast fram, har eitt vorte endå klårare når eg tek eit steg attende og ser på Hareid kyrkjelyd: Kreative, offensive og modige medarbeidarar! I tider der mange andre har stengt ned, har tilsette og frivillige strekt seg endå lenger for å legge til rette for at både born, unge, vaksne og eldre framleis skulle få det kyrkjelege tilbodet. At ikkje 'einsemd og isolasjon' skulle vere svaret på alt.

Nokre av dei nasjonale rammevilkåra har vi ikkje kunne gjere noko med, men i staden for å skalére ned og berre vente på betre tider, har svaret ofte vore å skalére om – gje same tilbodet fleire gonger eller fleire stader, så særleg barna skulle sleppe å misse endå meir av tilboda sine. Eit særdeles omfattande tilbod i trusopplæringa har ved utruleg innsats og vilje vore oppretthalde mest som planlagd. Dei som har ønska dåp, har fått løysingar som har teke i vare mange behov. Statistikken viser vel at vi knapt har hatt fleire gudstenester noko år.

Og sjølv om fysisk frammøte på gudstenestene naturlegvis har sett mykje betre dagar – vi har hatt dei same stramme avgrensingane som alle andre – så er likevel biletet ganske så nyansert. Via nett har 'den gudstenestefeirande kyrkjelyden' vorte ganske så utvida, både geografisk og menneskeleg. Vi får tilbakemeldingar på at menneske som det elles ville vore lite aktuelt for å møte opp i kyrkja, likevel følgjer gudsteneste etter gudsteneste når denne nå kan skape 'eit heilagt rom' heime i stova i staden. Ord og tonar som formidlar at 'vi ikkje er åleine' uansett kvar vi er, kan halde fast for oss at Gud ikkje gir slepp.

Så kan vi vone at vi og får mot og moglegheit til snart å få utforske meir att av dei rikdomane Gud har gitt oss når han 'gir oss til kvarandre' – som menneske som får høyre i hop same kor forskjellige vi måtte vere. Og vi vonar vi meir og meir gjennom det nye året kan verkeleggjere kjensla av at vi er mange som vil vere der for kvarandre, sjå kvarandre, gå vegen i lag.

*Hareid, februar 2022
Lars Hartig-Tangedal
-sokneprest i Hareid-*



Generasjonsmøte kan ha mange slags former. Her hengast det opp ei dåpsdue i kyrkjegreina, etter at ei barn er døypt. Foto: Hareid sokn

3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellestråd

Sokneråd/fellestråd:

Leiar	Ann Helen Grimstad Worren
Nestleiar	Bård Grimstad
Medlemer	Marit Øien Sæverud, Stein B. Karstensen, Hanna E. Langnes Moldskred, Sissel Seljebotn, Øyvind Grimstad, Kristoffer Indreeide Grimstad
Varamedlemer	Kjersti Røyset Topphol, Georg Fabian Stordal, Laila Kristin Bjåstad, Jahn Kjell Fjørtoft, Marit Nora Pettersen.
Geistleg repr.	Soknepresten i Hareid
Geistleg vararep.	Soknepresten i Ulstein

I fellestrådet i tillegg:

Kommunal repr.	Ordfører, Bernt Brandal
Kommunal vara	Varaordførar, Annika Brandal



HAREID SOKNERÅD: Frå venstre; Stein Karstensen, Kristoffer I. Grimstad, Bård Grimstad, Hanna L. Moldskred, Jahn Kjell Fjørtoft, Ann Helen G. Worren, Sissel Seljebotn, Marit N. Pettersen, Marit Ø. Sæverud, Lars Hartig-Tangedal, Kjersti R. Topphol.

Desse er ikkje med på bildet: Øyvind Grimstad, Georg F. Stordal, Laila K. Bjåstad. Samt kommunerepresentant i Fellestrådet: Ordførar Bernt Brandal, varaordførar Annika Brandal (vara).

Foto: Hareid sokn



Soknet har følgende underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, forhandlingsutval, diakoniutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval, undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2021 vore samla totalt 11 gongar; Soknerådet har hatt 10 møte og handsama 30 saker. Fellesrådet har hatt 11 møte og handsama 41 saker, herav eit av møta som var ekstraordinært då det var ei tilsettingssak (unnateke offentlegheita).

Rådsmøta har vore haldne i kyrkja og på kyrkjelydshuset (ikkje på kyrkjekontoret grunna pandemien), dei 3 første møta (26/1, 2/3 og 6/4) var digitale via Google Meet grunna coronasituasjonen og smittevernrestriksjonane. Møta er opne for tilhøyrarar.

Årsmøte 2021

Årsmøtet vart halde på kyrkjelydshuset laurdag 13. mars kl 16-18. Planen var at årsmøtet skulle vere i samanheng med ei større vårmesse til inntekt for kyrkjelydshuset, men grunna pandemien dempa vi det ned til ei enklare fellesstund med underhaldning v/barnekantoret og Odd Goksøyr, sal av porsjonsmat og kaffi, loddsal og trekning av gevinstar – før årsmøtet starta. Maksimumsgrensa var 100 personar og 1 meters avstand-regel. Det møtte totalt 57 personar.

Då vi ikkje kunne ha fellessong vart det digital opning av årsmøtet med film/song ved Grimstadkoret på storskjerm. Soknerådsleiaren ønska velkomen med ord og dikt, nestleiaren opplyste om smittevern og restriksjonane. Alle måtte sitte på sine tilviste plassar. Soknerådsleiar og nestleiar presenterte årsmeldinga. Kyrkjeverja presenterte eit forenkla førebels rekneskap og budsjett.

Presentasjon av tilbygg nytt kyrkjekontor: Presentasjon av byggenemnda v/Stein Karstensen og planane for prosjektet v/prosjektleiar Paul Arne Ulstein. Tilbygget vil bli lånefinansiert og dekkast av husleiga som soknet betaler for eksisterande leige av kontorlokale, og vil ikkje ha økonomisk innverknad på innsamling av midlar til eksisterande kyrkjelydshus. Oppstart graving/bygging er tiltenkt seinhausten 2021.

Soknepresten hadde sluttordet og fortalte litt om arbeidet til soknet og korleis vi har jobba under pandemien, før det vart avslutta med velsigninga.

Nytilsatt kyrkje-tenar/gardsarbeidar

13. april fekk vi ny kollega. Anton Tonev (49) blei tilsatt som ny kyrkje-tenar/gardsarbeidar, då Bjarte Sunde skulle gå av med pensjon på seinsommaren - etter lang og tru teneste. Desse to fekk jobba godt ilag nokre månader, slik at vi sikra god opplæring og overtaking av dette viktige og sårbare arbeidet. Vi ønskjer Anton velkomen med på laget!

«Saman som kyrkje i heile verda» - felles misjonsfokus

Gjennom aksjonen "Saman som kyrkje i heile verda" (perioden 13. mai - 23. juni) var Hareid sokn og kyrkjelyden med på å støtte søsterkyrkjer som var hardt råka av korona-pandemien. Når kyrkjer og hjelpeorganisasjonar har fått ekstra store diakonale oppgåver i møte med koronakrisa, var mange prosjekt blitt sett på vent, og pengar omprioritert til hjelpetiltak. Soknet promoterte i aksjonsperioden både prosjektet og misjonsavtalen vår ytterlegare, for å bidra i denne sårbare pandemitida.



Opa kyrkje med omvising sommaren 2021

Det er mange kulturskattar i Hareid kyrkje og ute på kyrkjegarden som delvis ligg på mellomaldergrunn og har mykje historie med seg. Her kan nemnast altertavle frå 1600-talet og bautastein på kyrkjegarden som ikkje kan årstalfestast, samt prestestove som truleg er det eldste huset i Hareid kommune. Den har blitt flytta på og står no der den gamle stavkyrkja ein gong har stått.

Vi er så heldig å ha mange frivillige som kunne stille som guidar og medhjelparar slik at vi ein gong i veka kunne tilby opa kyrkja med uformell omvising. Her kunne ein og få ein kaffikopp, tenne lys, sitte ned, lese eller be. Tilbodet var frå 16/6-11/8. Omvisinga var del av eit interkommunalt reiselivsprosjekt. Hareid kyrkje var difor med på nettsida www.hivens.no der ein finn ulike opplevingar på Sunnmøre.

Skatt i kyrkjetårnet

Ved ei gudfeldigheit blei det i kyrkjetårnet gjort eit unikt funn av bøker frå det aller første "biblioteket" i Hareid. Pensjonert sokneprest i Hareid, Leidulv Ø. Grimstad, gjekk igjennom dei gamle bøkene saman med Finn Sindre Eliassen, som har jobba 35 år ved Ålesund bibliotek, og som også er engasjert i historielaget. Dei kunne fortelje at Hareid sitt første "bibliotek" vart etablert i 1833 og holdt til i den gamle middelalderkyrkja, ei "åttekant-kyrkje" bygd i 1807. Denne kyrkja tok til å sige av lage, og med 33 mot 7 røyster vart det vedteke å rive og bygge nytt. Når dagens kyrkje sto ferdig og vigsla i 1877, vart boksamlinga igjen etablert i kyrkja, etter ei tid der bøkene hadde vore oppbevart i prestestova. Etter omlag 50 år, i 1928, blei boksamlinga flytta frå Hareid kyrkje til Indre Hareid.

Den eldste boka er frå 1793 og omhandla dyresjukdommar, den nest eldste frå 1808 er Jesu lidingshistorie. Dei religiøse bøkene er for det meste huspostillar, andaktsbøker og ein del lutherske skrifter. Nesten samtlege bøker er skrivne med gotisk skrift, noko som kan vere årsaka til at desse bøkene ikkje fulgte med på lasset til "neste post" då biblioteket forlot Hareid kyrkje.

Nytt tilbygg for kyrkjekontor

Etter fleire år med vurderingar, samtalar og forhandlingar fekk soknet sitt eige kyrkjelydshus seinhausten 2019. Ein viktig føresetnad for at soknet ville ta over huset, var at det måtte vere mogleg for tilbygg kyrkjekontor. Sommaren 2019 vedtok Hareid kommune mindre reguleringsendringar slik at tilbygg for kyrkjekontor på huset kunne gjerast. Føresetnadane kom dermed på plass, og soknet tok over huset 31. oktober 2019 (sak FR 21/19).

I 2020 og 2021 har både stab, vår lokale byggenemd og prosjektleiar frå Hareid kommune jobba med sluttprosjekteringa for tilbygg kyrkjekontor. Grundig arbeid er gjort også i høve brannprosjektering av allereie eksisterande kyrkjelydshus, slike prosessar tek tid.

Planen var oppstart graving og bygging i årsskiftet 21/22, slik at kyrkjekontoret vil vere innflyttingsklart i slutten av 2022. Leigeavtalen for noverande kyrkjekontor utgår 1. mars 2024. Tilbygget skal lånefinansierast, og dekkast tilsvarande dagens husleigetakst. Hareid sokn blir då eigar av både kyrkjekontoret og kyrkjelydshuset.

Den lokale byggenemnda består av følgjande: Leidulv Hareide, Aina Giskeødegård Balsnes, Torgeir Ringstad, Stein Karstensen (soknerådet) og kyrkjevevja Bente Andreassen Pilskog. Dei



3 førstnemnte stiller som frivillige. Vi gleder oss stort til vi får både kontor, kyrkjelydshus og frivilligsentralen sitt aktivitetsrom under same tak. Med mange ulike aktivitetar, samt utleige av huset - gleder vi oss over eit fleirbrukshus som skal vere ope for alle.

Også året 2021 blei prega av pandemien

Nok eit år med omstillingar og endring i restriksjonane heile 9 gongar. Dette har blitt den nye normalen. Nye rutinar, endringar i måten arbeidet vert utført, antalsbegrensningar og ikkje minst handtering av overordna smittevern-ansvar for både tilsette, råd, frivillige og kyrkjelyden. Soknet har heile tida brukt krefter på å finne ein balanse mellom forsvarleg smittevern og nødvendig kyrkjeleg nærvær og omsorg.

Mange ulike situasjonar har blitt handtert og risikovurdert. Det gjeld i møte med familiar, dåpsborn, eit stort og breitt barne- og ungdomsarbeid både i krinsar, kyrkje og kyrkjelydshus, ønskje om open og tilgjengeleg kyrkje, konfirmantar, eldre og sjuke som har vore meir isolert og ikkje minst alle pårørande som har erfart at sorga er blitt endå tyngre utan handtrykk og sosialt nærvær å lene seg mot.

For ikkje å snakke om alle som har sakna eit levande gudstenesteliv og ein ope kyrkje. Her har staben vore særskilte kreative og køyrt ulike løysingar slik at ikkje antalsbegrensingar skulle sette stoppar for gudsteneste eller dåp. Her kan nemnast vanlege gudstenester i kyrkja, digitale på nett, utandørs på kyrkjebakken både i minus 17 grader i januar og i fine varmegrader på 17. mai, ekstra tilrettelagte dåpsgudstenester i kyrkja og dåp utandørs på kyrkjebakken, og eiga drop-in-dåpsdag. Også konfirmasjonsgudstenestane blei spesielt tilrettelagt grunna pandemien, dette året hadde vi konfirmasjon både på våren og på hausten. Familiane fekk velje sjølv og på den måten legde til rette for den store festen.

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore særskilt viktig gjennom året på ulike måtar, og spesielt den tida vi kun kunne vere digitale. Frivillige har bidrege med song og musikk og forsongargruppa har vore svært aktiv dette året. Det er ei gåve å ha denne gode samhandlinga som er opparbeidd gjennom mange år og vi er takksam for eit rikt kulturliv på Hareid. Det er og fantastisk å sjå tilbake på 2021 der heile 22 tiltak i trusopplæringa har blitt gjennomført ved å tilrettelegge, flytte på/utsette til opningane i høve restriksjonane, og svært gledeleg med det gode oppmøtet i trusopplæringa. Slikt varmar å sjå når vi veit kor viktig det er å vere tilstades for spesielt barn og unge.

Samspel, gjensidig behov for kvarandre mellom frivillige, råd, utval og tilsette, og samspel mellom leiarar og medarbeidarar har kome til syne gjennom året. Ønskjer å rette ein spesiell takk til staben som har bidrege og utretta eit godt og kreativt arbeid i alle ledd i verksemda vår, og ein stor takk alle frivillige som har bidrege gjennom nok eit spesielt år. Ein del av dokke fekk møtast på Frivilligfesten som vi hadde saman med staben i desember med juletallerken og underhaldning, der også årets frivilligpris blei utdelt til Hafest. Vi treng dokke alle - for ingen kan drive ei folkekyrkje eller ein organisasjon åleine.



3.1. Tilsette og frivillige

Med Hareid kyrkjelege fellestråd som arbeidsgjevar:

Kyrkjeverje	Bente Andreassen Pilskog 100%
Sekretær	Eli-Sølvi Jønsson 50%
Kantor	Ida Teige 100%
Kyrkjelydspedagog	Barbro Landmank 100%
Medarbeidar i trusoppl.	Eli-Sølvi Jønsson 50%
Ungdomsarbeidar	Ann Kristin Snipsøy 20% (t.o.m. 31.07.2021) Sigrid Jønsson 20 % (f.o.m. 14. august 2021) (lønna gjennom Hareid KFUK/M)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.	Bjarte Sunde 60% (40 % AFP) Gjekk av med pensjon 10.07.2021 Jon Arnstein Haugen 80 %, sjukemeldt i heile 2021. Anton Tonev 60 %, 40 % vikariat (tilsatt 13.04.2021)
Hareid Frivilligsentral	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Medarbeidar i trusoppl.	Anvor Sukka (babysong)
Vikarar/ekstrahjelp	Odd Lykstad, Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Svenning Veiseth, Hallvard Grimstad, Olav Egge Brandal

Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 %
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte (studiepermisjon våren 2021) fungerande sokneprest, Matias Austrheim (hausten) Stine Lerheim (våren 2021)
Kappelan i Ulstein	Mirjam Håland Igland (f.o.m. sommaren 2021)

Frivillige i gudstenester:

Klokkarar	Kjersti Røyset Topphol, Bjørg Vartdal Hareide, Inga Barstad, Ulrike Hartig-Tangedal.
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Hanna E. Langnes Moldskred.
Kyrkjevertar	Toril Sæter, Reidun Melhus, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Gunmar Grimstad, Stein Karstensen, Marit Nora Pettersen, Ann Helen Grimstad Worren, Anvor Sukka, Bård Grimstad.
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Topphol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Kristoffer Indreeide Grimstad, Trond Gustavsen.
Blomar til gudstenestane	Judith Pilskog, Trine Angelsen og Ingunn Mork Grimstad.

I tillegg er det mange andre som også gjer ein innsats i og for kyrkjelyden vår.
Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til dei alle! Godt år 2022!

Hareid, januar 2022

*Ann Helen Grimstad Worren
-soknerådsleiar-*



3.2. Soknerådet sine underutval 2021

Arbeidsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, Marit Øien Sæverud, sokneprest, kyrkjevevja (sekretær).

Administrasjonsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, 2 repr. frå dei tilsette er Bjarte Sunde og Heidi Pedersen Kvalsvik, kyrkjevevja (sekretær).

Forhandlingsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, kyrkjevevja (sekretær).

Diakoniutval (m/kontakt i Kirkens SOS):

Hanna Elisabet Langnes Moldskred (leiar), Hilde Frøysa Hareide, Kirsten H Valseth, Leidulv Ø. Grimstad, sokneprest, leiar i frivilligsentralen. Kontaktperson i Kirkens SOS: Marit Øien Sæverud, vara Laila Kristin Bjåstad.

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, Georg Fabian Stordal, Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, kyrkjevevja.

Gudstenesteutval:

Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, Kjersti Røyset Topphol (leiar), sokneprest, kyrkjelydspedagog, kantor.

Misjonsutval:

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson.

Kyrkjemusikalsk utval:

Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad (leiar), Wenche Iren Roppen, kantor.

Undervisningsutval:

Linn Urke, Laila Kristin Bjåstad, Marit Øien Sæverud (leiar), kyrkjelydspedagog.

Styret for Frivilligsentralen:

Frå Soknet: Sissel Seljebotn (vara: Grete Røyset Bakken), Bjørg Vartdal Hareide (vara: Ragnhild Strømmegjerde), Øyvind Grimstad Gryt (vara: Odd Melhus)

Frå Brukt og Billig butikken: Elsa Bigset (vara: Torunn Haugen)


Frå frivillige lag og organisasjonar,

i år representert av Ulstein og Hareid Lions: Bjarne Sukka (vara: Kjartan Kvalsvik)

4. Kyrkjeleg årsstatistikk

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



ALDERSFORDELING: Befolkning Hareid kommune 2021. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

4.1. Medlemskap DnK

I takt med at befolkninga får fleire innvandrarar, kryp medlemsprosenten noko ned, utan at det opplevast som nokon stor endring.

Årstal	Innb. i Hareid	Medlem i DnK	Prosent
2015	5189	4049	78
2016	5185	4011	77,4
2017	5150	3979	77,3
2018	5155	3949	76,6
2019	5160	3929	76,1
2020		3865	
2021	5136	3817	74,3



4.2. Gudstenestedeltaking og nattverd

Årstal	Gj.sn. delt.	Til saman på gudst.	Gudstenester	Nattv-delt. (gudst.)
2012	145	9004	62	2582 (34)
2013	155	9455	61	2538 (36)
2014	152	8360	55	2801 (40)
2015	155	8835	57	2882 (37)
2016			68	2505 (40)
2017	152	9891	65	2386 (36)
2018	157	9314	59	2135 (38)
2019	137	8272	60	2401 (38)
2020	67*	4461*	67*	1088 (31)*
2021	63*	3970*	63*	1105 (26)*

*pandemi 2020

4.3. Dåp

Svært mange av våre medlemmar døyper borna sine. I tillegg kjem unge foreldre 'heim att' til Hareid og døyper sine, sjølv om dei bur andre stader. Vi har óg døypt fleire eldre born og vaksne i seinare år, samt at vi har nokre frå andre trussamfunn som gjennom dåp vert lagt til.

Årstal	Tot. døypte	Tilhøyrande DnK*	Prosent
2012	45		
2013	30	41	73,2
2014	51	57	89,5
2015	34	43	79,1
2016	48	39	123,1
2017	57	50	114
2018	37	28	132,1
	<u>Tot. døypte</u>	<u>Heimehøyrande Hareid</u>	
2019	58	30	193,3
2020	45	32	140,6
2021	43	39	110,3

*Barn av foreldre som er medlem av Den norske kirke, blei rekna som tilhøyrande DnK ved fødsel. Fram til 1. oktober 2018 blei dette registrert automatisk i kyrkja sine registre på grunnlag av fødselsmeldingar frå Folkeregisteret. Sidan har tilhøyrighet blitt registrert viss foreldra ønskja det.



4.4. Konfirmasjon

Talet på konfirmerte vil naturleg nok regulere seg, då det kan vere stor variasjon i årskulla. Prosenten held seg høg.

<i>Årstal</i>	<i>Konfirmerte</i>	<i>Medlemmar</i>	<i>Prosent</i>
2012	57		
2013	56	56	100
2014	55	57	96,5
2015	50	55	90,9
2016	49	49	100
2017	34	37	91,9
2018	56	58	96,6
2019	52	54	96,3
2020	37	42	88,1
2021	46	47	97,9

4.5. Ekteskapsinngåing

<i>Årstal</i>	<i>Vigsler</i>
2012	9
2013	11
2014	2
2015	10
2016	11
2017	6
2018	9
2019	5
2020	10
2021	11

4.6. Gravferd

<i>Årstal</i>	<i>Gravferder</i>
2012	35
2013	53
2014	38
2015	33
2016	48
2017	47
2018	41
2019	55
2020	37
2021	53



4.7. Inn- og utmeldingar DnK

Innmeldingar via dåp er ikkje inkludert her, men kan sjåast under statistikktalet for dåp.

Årstal	Innmeldingar	Utmeldingar
2012	0	4
2013	0	7
2014	1	18
2015	2	15
2016	2	11
2017	7	8
2018	1	9
2019	5	9
2020	0	7
2021	1	14

4.8. Digitale aktivitetar i 2021

Nok eit år skriv seg inn i historia og skil seg tydeleg frå tidlegare år - før pandemien. Våre digitale aktivitetar har i all hovudsak vore at alle gudstenestane har blitt streama gjennom året til vår Facebook-side og overført til TV-kanalen på Hardartun. Dette var eit vedtak som fellesrådet gjorde då vi ønskja og forsette det digitale tilbodet, sjølv om samfunnet opna opp og ein kunne samlast fysisk til kyrkja.

Vi har og hatt kortare musikalske innslag, Lucia-feiring der korps tok del frå «Syng og spel jula inn» (som ikkje kunne gjennomførast inne grunna restriksjonar) og «Min favoritt» julekonsert blei streama (inngjekk avtale med Tono).

Antal følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 337 personar i 2021, som per 31.12.2021 viser 2205 følgjarar. Vi er også aktiv både på Instagram og på heimesida vår (hareid.kyrkja.no). Vi har hatt om lag 94 digitale innslag, aktivitetar og arrangement i 2021, under kategoriane gudstenester, trusopplæring, musikkinnslag, konsert og anna. Tilsaman på desse har vi hatt 11.148 sjåarar (over 1 minutt), ikkje unike.

DEN NORSKE KYRKJA
Hareid sokn

Søk på nettsted...

KVA SKJER? DÅP TRUSOPPLÆRING VIGSEL GRAVFERD OM OSS

KYRKJELYDSHUS

ROM FOR BEGYNNELSE

5. Gudstenestelivet

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

2021 vart eit nytt år som i stor grad har vorte prega av pandemien. I kyrkja har det påverka dei fleste område av arbeidet. Hovudsaka til gudstenesteutvalet er å arbeide med gudstenestene. Det har vore gudstenester i Hareid kyrkje dei fleste søndagane. Mange av desse har hatt avgrensingar i talet som kunne delta, og det har variert noko gjennom året. Gudstenestene i kyrkja har vore streama på facebook, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Det har i tillegg blitt gjennomført gudstenester på bedehusa, på Årvak, Kvitneset, Alskleiva, Melshornet og på Hadartun.

Gudstenesteutvalet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit stort arbeid for å få til alt dette i ei krevande tid. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene.

Årsstatistikk 2021

	2018	2019	2020	2021
Gudstenestebesøk totalt/snitt	9314/157	8272/137	4461/67	3970/63
Gudstenester totalt på søn- og helligdagar	59	60	67	63
Nattverdsdeltakande totalt	2135	2401	1088	1105
Gudstenester med nattverd	38	38	31	26
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	4/083	4/078	2/016	2/016
Kyrkjeoffer, beløp totalt	263 044	271 339	169 408	175 069

NB: Pandemien prega tala for 2020 og 2021.

Gudstenesteoversikt 2021:

Søn- og helligdagar:	63
Utanom søn- og helligdagar:	23
Tilsaman:	86

<u>Herav: Strømme gudstenester, koronatiltak:</u>	61
Eigne dåpsgudstenester, der berre dåpsfamiliane kunne ta del:	15
Drop-in-dåpsdag laurdag 11. nov. 2021 (5 større barn blei døypt):	1



*«Som barn i ditt hus har vi hver og en et sted
der vi kan søke ditt ansikt og du gir oss av din fred.
Så møtes vi her i din store fader favn.
Du lar oss juble og glede oss
når vi er samlet i ditt navn.*

*Du har lovet å være til stede
for å dele vår sorg og vår glede.
Gi oss vilje og mot til å leve,
Herre, som barn i ditt hus.»*



KONFIRMASJON 2021: Blei spesielt tilrettelagt grunna pandemien, konfirmasjon både på våren og på hausten. Tilsaman 7 gudstenester. Familiane fekk velje sjølv og på den måten legge til rette for den store festen. Gratulerer til alle dei 46 flotte konfirmantane og familiane. Foto: Hareid sokn

FASTETIDA

Gudstenesteutvalet har hatt tradisjon for å stå bak samlingar i kyrkja onsdagane i fastetida. Såleis også i år. Fasteprogrammet var slik:

Onsdag	1702	kl. 19.30.	Oskeonsdagsgudsteneste ved Lars Hartig-Tangedal. Song av Wenche Roppen.
	2402	kl. 19.30	Temakveld: Pilgrimsvandringar ved Bjørg Vartdal Hareide
	0303	kl. 19.30.	Tankar i fastetida v. Leif Arne Grimstad Musikk ved Halvard Grimstad og songgruppe.
	1003	kl. 19.30.	Salmekveld i fastetida med Ida Teige Marit Øien Sæverud les.
	1703	kl. 19.30.	Solidaritetsgudsteneste, konfirmantar tek del
	2403	kl. 19.30.	Påskevandring for vaksne

På grunn av innstramming i smittevernreglane måtte påskevandringa avlyst. Dei andre samlingane vart gjennomført med dei avgrensingane som var gjeldande då.

Andre saker som har vore til handsaming er gudstenesteliste for 2022, og innføring av deler av den nye liturgien.

Andakter og overføring av gudstenester i kyrkja – til institusjon/Hadartun

Soknet har andakt på Hadartun kvar onsdag formiddag, både i vinterhagen og på skjerma avdeling. Nokre få blei streama frå kyrkja i januar/februar grunna pandemien, når vi ikkje fekk kome inn på Hadartun. På sommaren var det anna kvar veke. I tillegg har vi fire gudstenester inkl. nattverd per år, i vinterhagen. Vanlegvis v/sokneprest og organist, men enkelte gongar var det frivillige som tok andakta og spela til salmane. Ein stor takk til desse. Målgruppa er bebuarane, men også dagsenteret tek del og eventuelt andre besøkande på Hadartun. Kan også nemnast at alle gudstenestane i kyrkja blir overført til TV-kanalen på Hadartun, eit viktig tilbod for bebuarane.

Medlemmer i gudstenesteutvalet:

Kjersti Røyset Toppol (leiar), Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, Ida Teige (skrivar og kantor), Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog)

*Kjersti Røyset Toppol
-leiar i gudstenesteutvalet-*



6. Diakoniarbeidet

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

DNK sin Plan for diakoni (2020) samanfattar dei diakonale utfordringane i fire arbeidsområde: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dette er utgangspunktet for Hareid kyrkje sitt diakoniarbeid og vår lokale diakoniplan.

Diakoniutvalet har hovudansvar for diakoniplanen. Mange tiltak i planen har Frivilligsentralen eller andre ansvar for å gjennomføre. Tiltak Diakoniutvalet har ansvar for:

- Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta
- Middag etter hausttakkefest-gudstenesta
- Minnegudsteneste laurdagen før Helgemesse
- Universelt utforma gudsteneste
- Kirkens SOS

Soknepresten, som er med i Diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab. Diakoniutvalet kan vere tilgjengelege i ulike krisesituasjonar i kommunen.

Diakoniutvalet har hatt 3 møter i 2021. Vi har i tillegg hatt regelmessig kontakt og planlegging via e-post og messenger. Vi har hatt meir aktivitet i 2021 enn 2020, men koronapandemien har også dette året påverka arbeidet.



Opa kyrkje

Etter initiativ frå stab og sokneprest, tok Diakoniutvalet ansvar for å halde Opa kyrkje kvar måndag kveld kl.19-21 frå 18.januar og fram til påske (10 kveldar). Vi ville gi eit tilbod til kyrkjelyden under nedstenginga, der den som ynskte kunne kome til kyrkjeromet for å tenne lys, vere stille eller evt samtale med den som heldt kyrkja open. To frå Diakoniutvalet var tilstades kvar gong. Det var få personar som nytta tilbodet, 0-5 personar per kveld. Nokre kom igjen fleire gonger. Vi trur det betydde noko for dei få som kom. Staben hadde også tilbod om samtalar på telefon i nedstengingsperioden, men det var få som benytta det.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Avlyst grunna koronasituasjonen. Styresmaktene fråråda sosiale samkomer i påska.

Middag etter hausttakkefest-gudstenesta 31.oktober

Vi kunne gjennomføre arrangementet med vanlege smittevernrutiner, og det fungerte fint. Godt samarbeid med Tamilsk kulturforening, som gjorde alle innkjøp, laga maten og rydda opp etterpå. Dei hadde laga mat til 100 personar. Det kom litt færre i år samanlikna med tidlegare år, rundt 50 betalende vaksne. Følgeleg vart der også mat til overs og mindre inntekter til Tamilsk kulturforening. Det var få familier som kom, sjølv om 8-åringane deltok i gudstenesta og var spesielt oppfordra til å kome. Nokre var kanskje skeptiske til middagsbuffet mtp smitterisiko? Neste år bør vi annonsere tilbodet betre.

Allehelgenshelga

Etter initiativ frå kyrkjeverja, valde Diakoniutvalet å utvide tilbodet i allehelgenshelga:

Temakveld fredag på kyrkjelydshuset: «Når livet brister, finnes det en kjærlig Gud?». Diakon Sigmund Ruud hadde innleiande foredrag før samtale rundt borda med kaffi/kake. Fløytespel ved Ulrike Hartig-Tangedal. Det kom ca 25 personar. Ei fin samling.



NATTKAFÈ ALLEHELGEN: Populært tilbod der mange ungdomar samla seg til sosialt fellesskap. Ansvarleg arrangør med vaksne tilstades var diakoniutvalet. Foto: Hanna Langnes Moldskred.

Nattkafè for ungdom fredag kl.20-23 på kyrkjelydshuset. Gratis pizza sponsa av Sparebanken Møre, kiosk, musikk, quiz, airhockey, brettspel og kort, fotballspel og bordtennis. Det var knapt 100 ungdomar innom i løpet av kvelden og mange var der heile tida. Dei fleste i ungdomsskulealder, nokre eldre. 60 deltok på Quiz. Mange benytta høve til lystenning i kafeen. Vi har fått mange tilbakemeldingar frå ungdomar og vaksne om at dette var ein kjekk



kveld og at mange ynskjer nattkafè fleire gonger. Mange likte spesielt godt at det var så uformelt utan noko fast program. Erfaringane frå denne kvelden viser at det er behov for og ynskje om eit slikt tilbod fast!

Minnegudsteneste laurdag. Gudstenesta er open for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året, vert spesielt inviterte. Soknepresten og Diakoniutvalet har felles ansvar for gudstenesta. Intensjonen er at gudstenesta skal ha ei lavterskelform der alle kan kome som dei er. Det er viktig å bli sett, men også å kunne vere åleine. Det var godt oppmøte og mange tende lys i midtgangen i etterkant av gudstenesta. Det var ei fin og stemningsfull gudsteneste med flott solosong til piano. Diakoniutvalet deltok som kyrkjevertar og med tekstlesing. Vi hadde for fyrste gong kyrkjekaffi bak i kyrkja etter gudstenesta. Kaffi og skuffekake. Fleire stoppa og prata etterpå. Vi trur fleire syns dette var fint. Det vart med ein gong ei lettare stemning, som kanskje gjekk på bekostning av det å kunne vere stille og tenne lys? Erfaring frå tidlegare er at få sit igjen etter gudstenesta. Sånn sett var det fleire som sat igjen i år når vi hadde dette tilbodet. Vi hadde annonsert at kyrkja var open til kl.18.30, men det var ikkje behov for lenger enn til 17.30.

Opa kyrkje for stille og lystenning etter helgemesse-gudstenesta søndag. Kyrkja var open fram til kl.16.00. Få benytta seg av dette tilbodet.

Universelt utforma gudsteneste

Også i 2021 vart «Fjøresteinane» sin julekonsert i Hareid kyrkje ei erstatning for universelt utforma gudsteneste. Siste åra har det ikkje vore arrangert slike gudstenester og Diakoniutvalet har drøfta behovet. I utgangspunktet ynskjer vi at alle gudstenester skal vere tilrettelagt slik at alle med særskilte behov kan kome og føle seg heime. Kan vi vere flinkare til å involvere dei meir aktivt i vanlege gudstenester? Vi har også drøfta om vi kan få til eit fast samarbeid med Ulstein sokn om universelt utforma gudstenester, til dømes annankvart år Ulstein-Hareid.

Kirkens SOS

Koronasituasjonen har bekrefta at dette er ei teneste det er stort behov for og som vi ynskjer å støtte vidare. Vi har tatt inn i revidert diakoniplan at Kirkens SOS bør få eit gudstenesteoffer årleg, og at det blir informert om tenesta i denne gudstenesta.

Revidering av diakoniplanen

I alle møter i 2021 har vi gått gjennom og drøfta innhald og behov for endringar i diakoniplanen. Planen var ferdig revidert til nyttår og sendt til godkjenning i soknerådet i januar 2022. Nokre tiltak er avslutta og tatt ut av planen og fleire nye har kome inn. Mange av tiltaka har Frivilligsentralen ansvar for.

Eit nytt tiltak er «Uformell møteplass for ungdom». Hareid KFUK/KFUM inviterte i haust soknet til samarbeid om ein fast møteplass for ungdom, og det vart danna eit interimstyre



før jul som skal jobbe vidare med dette. Der er to representantar frå KFUK/KFUM og to frå soknet – Hanna E. Langnes Moldskred og Kirsten Holstad Valseth.

Frivilligsentralen og dagleg leiar er sentral i det diakonale arbeidet i soknet. Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.



Diakoniutvalet har hovudansvar for diakoniplanen. Mange tiltak i planen har Frivilligsentralen eller andre ansvar for å gjennomføre. Foto: Hareid sokn

Medlemmer i diakoniutvalet:


Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar Hareid Frivilligsentral), Kirsten Holstad Valseth, Hilde Frøysa Hareide, Leidulv Grimstad og Hanna E. Langnes Moldskred.

*Hanna Elisabeth Langnes Moldskred
-leiar i diakoniutvalet-*



7. Kyrkja og kyrkjegarden

Hareid kyrkje er ei folkekyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfasar. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar som tener dagens aktiviteter i kyrkja. Hareid kyrkje er ei verneverdig (listeført) kyrkje frå 1877 i nygotisk stilart og vart vigsle 13. desember 1877.



*HAREID KYRKJE & KYRKJEGARD: Vi har ei kyrkje og ein kyrkjegard med fin, sentral plassering.
Foto: Erlend Friestad, Hareid kommune*

7.1. Kyrkja

Renovering av Hareid kyrkje fortsatte i 2021

Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1877 og difor ikkje vore tilpassa mange av dei krava ein i vår tid set til offentlege bygg. I høve eit større renoveringsprosjektet med kyrkja som starta i 2019, har følgande til no blitt gjennomført: Nytt golv i kyrkjeromet, nye golv i sakristia og våpenhus, nytt oppvarmingssystem (ut med røromnane), ny kjøkenkrok i dåpssakristiet, universelt toalett, nytt vaskerom/lager, nytt teknisk anlegg lyd/bilde og videokamera for videooverføring til bebuarane på Hadartun, fiber/Wi-fi/internett, solskjerming i kyrkjerommet, isolering av områda for vatninntak, utskifting av brista glas, delvis renovering av alle ytterdører, nytt informasjonsskilt ved porten til kyrkja. Prosjektleiinga v/Hareid kommune (Paul Arne Ulstein). Soknerådet har tildelt kyrkje- og kyrkjegardsutvalet løyve til å jobbe med renoveringsprosjektet i kyrkja.

I 2021 fortsatt arbeidet, oppgradering av eksisterande sprinkleranlegg og nytt i våpenhus, oppgradering av brannalarmanlegg. Midlar forskyvst frå 2021 til 2022 slik at maling av

kyrkjetårnet, råte/lekkasje i tak over inngangsparti og luftfuktingsanlegget kan ferdigstillast i 2022.

Sprinkleranlegg og brannvarslingsanlegg

Då det gamle brannvarslingsanlegget i kyrkja ikkje var kompatibelt med det nye sprinkleranlegget, vart dette bytta tidleg i 2021. Dermed blei det lagt opp eit heilt nytt anlegg etter dagens forskrifter. Dette gjer at vi no har eit tipp topp anlegg for å varsle brann i kyrkja vår. Vi har dermed fått overvåking på sprinkleranlegget som også er blitt ferdigstilt. Under ei kuldeperiode blei det oppdaga at vassinntaket til sprinkleranlegget fraus. Dermed vart det laga til varmekabel i golvet, slik at vi unngår at dette skal skje igjen.

Lyskastarane utandørs

Då dei gamle lyskastarane som lyser opp kyrkja, enten var defekte eller dårlege, blei desse skifta i løpet av 2021. Både fundament og lyskastarar vart skifta, då fundamenta også var dårlege. No har vi fått flotte 4 LED-lyskastarar som lyser opp kyrkja.

Teknisk anlegg

Vi har fortsatt med streaming av gudstenester både på Facebook og til Hadartun. Dette er noko vi har fått gode tilbakemeldingar på, både frå Hadartun, men også frå folk fylgjer med på Facebook. Vi har enkelte gongar hatt litt problem, men takka vere teknisk anlagt frivillige har det ordna seg kjapt.

Luftfuktingsanlegg

Ettersom lufta i kyrkja har blitt tørrare etter dei tidlegare oppgraderingane, så går dette utover både orgel og altertavle. Vi har som ei nødløysing sett inn ein mobil luftfuktar som står framme i kyrkja under preikestolen. Dette er ikkje ei god løysing for framtida, då den krev manuell og hyppig påfylling av vatn. Vi er i dialog med leverandør av eit fastmontert anlegg som skal erstatte den midlertidige løysinga, dette blir ferdigstilt i 2022.

7.2. Kyrkjegarden

Kyrkjetenar

Det blei i april tilsett ny kyrkjetenar, som er med i vårt kyrkje- og kyrkjegardsutval. Anton Tonev kom inn som eit friskt pust og byrja i opplæring med Bjarte Sunde. Dermed fekk vi sikra oss ei god overføring av kunnskap før Bjarte gikk av med pensjon i juli. Vi takkar Bjarte for mangeårig innsats og ønskjer Anton velkomen med på laget!

Barnegravfeltet

Etter ønske ifrå pårørande har vi planlagt å fylle på masse slik vi får heva dette feltet. Per no så legg det seg is og snø vinterstid. Dette var tiltenkt å starte på i år, men tida strakk dessverre ikkje til då vi såg dette kom til å bli meir omfattande prosjekt enn fyrst førespepla. Vi legg opp til å få dette gjennomført i løpet av 2022.



Maskinpark

Det blei vedtatt å sette opp eit lagertelt for gravemaskin og traktor som eit midlertidig tiltak mens vi ventar på det nye redskapshuset som kjem på det nye gravfeltet. Ver og vind slit på utstyret når det står ute, så vi håper dette kjem til å gagne utstyret vår til det betre. Det vil og lette arbeidet får kyrkjegardsarbeidaren vinterstid, då vi slepp at alt utstyret blir dekt med snø og frost.

Vårdugnad 24. april

På årets dugnad dukka alle årstidene opp. Vi opplevde både sol, regn og snø i løpet av dagen. Det var godt oppmøte og mykje blei gjort. Det blei raka lauv og greiner, det vart luka i forskjellige bed, ugras vart fjerna og rydda opp over heile kyrkjegarden.

Det store prosjektet vi hadde føre oss dette året, var å lage til ein skikkeleg vei til dåpssakristiet. Før dugnaden hadde Bjarte og Anton gjort ein suveren jobb med å fjerne topplaget med jord der vegen skulle gå. Det blei lagt ned duk grov pukk og så eit topplag med grus. Dermed fikk vi eit topp resultat med ein god og brei veg som lettar tilkomsten til dåpssakristiet.



DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN: Før konfirmasjonshelga er det tradisjon at frivillige er med på vårdugnad på kyrkjegarden. Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet er ansvarleg for dugnaden. Foto: Hareid



DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN: Det store prosjektet i 2021, var å lage til ein skikkeleg vei til dåpssakristiet. Det blei lagt ned duk, grov pukk og eit topplag med grus. Flott resultat. Foto: Hareid

Leirefelt på gravplassen

Ettersom dreneringa på leirefeltet på kyrkjegarden er dårleg, har det vore problem med dreneringa av vatn. Kyrkjegardsarbeidar har gjort eit forsøk på ei grav med å fylle på singel og meir jord og dermed heve plantefeltet. Vi ventar spent på resultatet av dette, og håper vi får til ei løysing her.

Medlemmer i kyrkje og kyrkjegardsutvalet:

Georg Fabian Stordal, Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, Jostein Nedrelid, Anton Tonev (kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje).

*Kristoffer Indreeide Grimstad
-leiar i kyrkje- og kyrkjegardsutvalet-*



8. Misjon & misjonsprosjektet

Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod.

Sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016-2019. Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid, hjelpe kyrkjelyden med å nå dette målet.

Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap – NMS – om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt. Dette også ved å samle inn pengar til misjonsprosjektet. For tida er det avtalte beløp på kr. 40.000 i året.

I juni skulle det, som vanleg, arrangerast misjonsdag på Holesanden. Dette måtte diverre nok ein gong avlysast grunna koronasituasjonen i Noreg. Nok ein gong vart det satt i gong med nettbasert loddsal. Det vart arrangert misjonssundag på kyrkjelydshuset etter gudstjenesta den 13.juni. Det var sal av matpakkar og kaffi. Om lag 50 personar møtte. Sal av lodd og mat samt offer gav totalt kr. 30.520, som vart sendt NMS.

Sundag 21. november vart det arrangert Middag og Misjon på kyrkjelydshuset med sal av brendsut og kaker, samt åresal. Over 100 personar møtte. Det var som vanleg gratis middag til 10 åringane. Totalt kom det inn kr. 19.350, som kunne sendast NMS.

I samband med misjonsløpet til konfirmantane laurdag den 20.november, kom det inn kr. 9.500 (eige referat om denne helga på NMS sine heimesider).





MED OMSORG FOR ANDRE: Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Her ser vi konfirmantane som hadde misjonsløp til inntekt for misjonsprosjektet i Thailand. Foto: Hareid sokn

Offergåver i år vart kr. 14.275. Totalt er det samla inn til misjonsprosjektet i Thailand kr. 73645 som er sendt vidare til NMS.

Faste gjevarar til misjonsprosjektet, er ikkje rekna med i denne summen.

Misjonsutvalet ynskjer å rette ei stor takk til alle som har bidratt med støtte til prosjektet. Både faste gjevarar og til alle dei som har tatt lodd eller gitt andre pengegåver. Ei takk også til frivillege som hjelper oss å få arrangementa i stand. Ynskjer du meir informasjon om misjonsprosjektet, kan du gå inn på NMS sine heimesider.

Oss har halde tre møter i år.

Medlemmer:

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson (kyrkjelydssekretær)

.

*Jahn Kjell Fjørtoft
-leiar i misjonsutvalet-*



9. Kyrkjemusikalsk arbeid

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt budskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet. Ved konsertar og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

Aktivitet:

Vi har hatt 4 møter i 2021. Grunna stadige endringar vedrørende reglar for arrangement under pandemien, har det vore stadige endringar i planar, og planlegging via meldingar og sosiale medier. Ved kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

Salmekvelder:

Det har blitt arrangert 3 salmekvelder i løpet av året, når retningslinene for samlingar har tillat det.

10.3.21 Salmar til ro og ettertanke. Medvirkande: Melshorn, Leidulv Ø Grimstad, Marit Øien Sæverud

26.9.21 Ønskesalmen. Denne kvelden hadde vi fått inn mange ønsker om salmar og aktørar, og hadde fleire medvirkande. Ronald Øvrelid, Brandalskoret, Kjell Barstad/ida Teige, Hans Otto Brekke. Nokre av dei som hadde ønske om salme fortalde kvifor dei valde den salmen. Arnljot Grimstad hadde komponert eit stykke for trombone og orgel, som vart urframført av Kjell Barstad (trombone) og Ida Teige (orgel) Ein kunne og ha kyrkjekaffe for første gang på ei stund denne kvelden.

16.11.22 Kvardagssalmar og kvardagsmat. Medvirkande: Wenche Roppen, Sissel Anita Riise, Leiv Arne Grimstad. Det vart tillaga for felles kveldsmat etter siste kvardagssalme.

Syng- og spel jula inn: Grunna restriksjonar vart det heller ikkje i år mogeleg å arrangere «Vi syng jula inn» som vanleg. Det vart planlagt gjennomført på tradisjonelt vis, med 2 konsertar søndag kveld, men nye reglar kunn dagar før, gjorde det umulig å gjennomføre etter gjeldande retningsliner. Det vart ei lita utvidinga av utendørs Luciafeiring denne dagen, med utvida musikalske innslag.

Min favoritt: Vi fekk heller ikkje i år samle ei fullsett kyrkje til denne konserten heilt inn i jula. I staden vart det 2 konsertar med 50 tilhøyrande på kvar konsert. Takk til solistar og



band som var villige til å bruke så mange timar på det som vart to flotte konsertar, derav den siste som vart streama på Facebook.



I GUDS SKAPARVERK: Ei gruppe frå Musikklaget Melshorn spelte på utandørsgudstenesta på Alskleiva, ein av mange aktørar som bidreg med musikk gjennom året. Foto: Hareid sokn

Kor, korps og solistar i gudstenesta:

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksame for alle dei som bidreg til gudstenestene våre med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Ida set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Ein har i 2021 heldt fram med digitale sendingar av gudstenester, som var vanleg i 2020, og dei musikalske innslaga har vore viktige der, og forsongarane har vore viktige då kyrkjelyden til tider har vore liten, grunna restriksjonar, men salmesongen likevel god.

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våre gudstenester og andre arrangement. Kyrkja er og eit populært lokale å ha konsert i, og heldigvis var det høve for nokre av dei lokale kora og artistar å ha konsertar også i 2021, når reglane gav rom for det. Mykje anna aktivitet i bygda har vore nede i periodar siste året, og det merkar vi og når vi skal ha arrangement, at kor og grupper ikkje har fått øve, og dermed har vegra seg for å vere med. Kyrkjemusikalsutval ser



gjernar at ein kjern med innspel rundt musikalsk aktivitet i kyrkjelyden, aktivitetar både i kyrkja og i kyrkjelydshus.

Medlemmar: Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad, Wenche Iren Roppen og Ida Teige (kantor).

Bård Grimstad

-leiar kyrkjemusikals utval-

9.1. Hareid Barnekantori

Hareid Barnekantoret er eit barnekor knytta til Hareid kyrkje, alder frå 3.-7. klasse. Koret har øving i Hareid kyrkje, onsdager frå klokka 1600 til 1730.



BARNEKANTORIET: Øving kvar veke i kyrkja, og ulike songoppdrag gjennom året. Sosiale overnattingsturar og mykje meir. Foto: Hareid sokn

Oversikt over kva koret har vore med på i 2021, utanom dei ordinære øvingane kvar onsdag:

14. februar:	Song på gudstenesta i kyrkja.
18. februar:	Istaden for vanleg øving, blei det tur til gapahuken ved kyrkjelydshuset, kos med pølser og kakao.
28. mars:	Song på palmehelg-gudstenesta i kyrkja.
09. juni:	Sommeravslutning i gapahuken.
Sommerferie	
12. september:	Innspeling til den digitale stemnefesten i Hareidsstemna.
01.-02. oktober:	Overnatting og bli-kjent-helg på Solli. Minikonsert på kyrkjelydshuset tidleg på ettermiddagen, etter overnattinga.
21. november:	Song på gudstenesta, avslutta med Middag & Misjon på kyrkjelydshuset.
26. november:	Julenatt i stallen-konsert.
04. desember:	Konsert saman med Brandalskoret i kyrkja.
24. desember:	Song under julaftan-gudstenesta i kyrkja.

Korona påverka oss også dette året. Det vart ei pause i øvingane desse periodane: Starten av januar og mellom påske og sommarferie. Vi hadde heller ikkje årsmøte dette året, grunna koronaen.

Betalende medlemmer 2021 er 17 stk. Medlemskontingent er på kr 300,- pr. medlem. (Søskenmoderasjon er på kr 225,- for barn nr. 2)

Styret har hatt 2 styremøter dette året, i tillegg til korrespondanse på e-post.

Styret:

Styreleiar:	Marita Husøy
Kasserar:	Sissel A. Riise
Skrivar:	Ida N. Valderhaug
Styremedlem:	Laila Bjåstad
Dirigent:	Ida Teige og Sissel A. Riise

*for Hareid Barnekantori
Ida Nilsen Valderhaug*



10. Undervisning og trusopplæring

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt oppslutning blant dei høgaste i landet. Vi ser svingingar år om anna, og det er vel naturlege ting som vi må forholde oss til. Utfordringa er å følgje med i det som skjer elles i kommunen og spele på lag med ulike aktivitetar for å unngå kollisjonar. Vi justerer også tiltaka heile tida for å treffe dei ulike årskulla på best mulig måte.

22 tiltak på planen

For aldersgruppa 0-18 år har vi 22 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Målet for arbeidet er å tilby noko for breidda, altso alle, enten dei er døypte eller ikkje. Men vi har høve til å invitere personleg berre dei som er medlemar/døypte inn i vår kyrkje. Dersom dåpstala fortset å gå nedover vil dette krevje endra fokus også for vårt arbeid. Dersom vi ser på oppslutninga av gjennomførte tiltak i 2021 så er talet framleis høgt. I snitt 54% på 22 gjennomførte tiltak. Dette er 1 % under snittet for periode (2015-2021). Tala for 2021 når det gjeld trusopplæring, viser at 6 av 22 tiltak hadde 65% eller høgare oppslutning. 12 av 22 tiltak har over 50% oppslutning og berre 1 av 22 har under 30% oppslutning. Det meiner vi at vi kan heise flagget for! I tillegg til alt dette kjem arbeidet knytt til undervisning gjennom samarbeidet med barnehage og skule.

Nytt av året

For andre gong gjennomførte vi samling knytt til Luciadagen, som i 2020 fall på ein søndag. I 2021 var Luciadagen på ein måndag, og vi bestemte oss for å feire Luciadagen søndag 12. desember. Det vart ei flott samling ute på kyrkjegarden med bålpanne, faklar, Lussekattar/kaffi og Luciatog. Borna som møtte fram fekk kappar/ lys og gjekk, saman med nokre vaksne, frå våpenhuset til prestestova der soknepresten og kyrkjelydspedagogen hadde ein samtale kring Luciatradisjon og julefeiring. Den planlagde julefesten i romjula måtte vi avlyse på grunn av restriksjonar knytt til den nye varianten av koronaviruset, omikron. Elles har hausten 2021 vore brukt til å planlegge eit nytt tiltak i Hareid kyrkje som skal starte i midten av januar 2022. Det er samlingar søndagskveldar frå klokka 19 til 20 frå og med 16. januar og fram til påske. Samlingane inneber høgtlesing frå Bibelen, eit musikalsk innslag og høve til å tenne eit lys i lysgloben.

Medlemmer i undervisningsutvalet: Marit Øien Sæverud (leiar), Laila Bjåstad, Linn Urke og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

Marit Øien Sæverud

-leiar i undervisningsutvalet -





Saman på vegen Med rett til å verte sett og verdsett



10.1. Tiltak i trusopplæringa

Alder	Tiltak i trusopplæringa	Deltakarar prosent 2021
0	Dåpssamtale-Saman på vegen	103
1	Den fyrste song	32
2	Eg faldar mine hender små	26
3	Kjære Gud, eg har det godt	33
4	Heime i kyrkja	71
5	5 åringen i verda	58
6	Eg høyrer Jesus til.	70
7	Kong David og vi	37
8	Guds gåver – vår glede og vårt ansvar	64
8	Tårnagent	57
9	Perler i kransen - leirliv er topp!	61
10	Gud kjem til oss i Bibelens forteljingar - 10 år vår	65
10	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	60
11	I Guds omsorg	33
11	Kode B - born av Guds regnboge	46
12	Juniorkonfirmant	51
13	Gled dykk, alltid!	46
15	Eg, Guds medarbeidar –Konfirmantundervisning	100
15	Konfirmert- kva so??	35
16	Når eg så skal ut i verda, 16 år- kva no?	43
17	På eiga hand - men aldri åleine.	23
18	Min draum-mitt liv. 18 år	67
	Totalsum	54



11. Hareid frivilligsentral



Mål/intensjon med Frivilligsentralen

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende.

Det har også i år, grunnet covid, blitt satt begrensinger på hvor mye vi har kunne treftes- og det sosiale aspektet har selvsagt lidd under dette. Det har blitt få nye treffpunkt og møteplasser – fokuset har vært på å opprettholde mest mulig de vi allerede har. Noe har vi klart, men de aktiviteter som er knyttet til eldre og sjukeheimen, har det blitt svært lite av- men noe har vi fått til også der, selv om det nå kan bli en utfordring å beholde de frivillige til disse aktivitetene. Det begynner å nærme seg to år siden de sist var aktive- og flere har allerede gitt beskjed at de gir seg.

Det er viktig å legge til rette for de personene som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det, men covid satt noe begrensinger på dette også. Men også her har vi fått til litt.

For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom. Dette året har de fleste aktiviteter vært åpent og tilgjengelig, om enn i varierende grad. Etter som de nasjonale reglene har vært- har vi deler av året ikke kunne ha aktiviteter på sentralen. Når reglene har tillatt det har vi delt opp for eksempel hobbyklubben over to dager- slik at alle får mulighet til å komme en dag i uken.



Lokalene til Frivilligsentralen er åpen og tilgjengelig for gratis utlån til frivillige lag og organisasjoner- og er flittig brukt. Men også de har måttet begrense sin aktivitet.

I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste eller telle dette. På grunn av at kontoret store deler av året har vært stengt for besøk har de fleste henvendelsene i år vært på melding og telefonsamtaler. Daglig leder har også vært en del av samtaletilbudet soknet og kommunen har gitt innbyggerne under pandemien.

Tilskuddet til Frivilligsentralen har også i år gått inn i det ordinære rammetilskuddet til kommunen og overføres til den som driver sentralen (her Hareid Sokn) Fra 2022, kommer tilskuddet til kommunen som øremerkede midler, og skal overføres i sin helhet til sentralene. Antall frivillige som er knyttet til sentralen ligger nå på ca 90 personer- men som en vil se ut fra årsmeldingen, har ikke alle fått være så aktive som en har ønsket. Vi holder kontakten med alle, og håper vi snart er i vanlig gjenge.



KARAKVELD PÅ KYRKJELYDSHUSET: Sosialt og åpent treffpunkt for karene, et nytt tilbud som oppsto ved renovering av aktivitetsrommet til frivilligsentralen. Foto: Hareid sokn

Oppgaver:

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Organisering og drift av Bruktbutikken.
- Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken.
- Medarbeidermøter for Brukt og Billigbutikken.
- Organisere Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen- kriminalomsorgen i Ålesund.
- Oppdragsgiver for NAV
- Legge til rette og gjennomføre arrangement for «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og sentralen bruker/arrangerer konserter etc.
- Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta på de arrangement som Diakoniutvalget står for.

- Tett samarbeid med Hareid Kommune/ kultur, Biblioteket, Ressurscenteret, og Dagsenteret på Hadartun.
- Være med i arbeidsgruppen som jobber med den nye Helse og Omsorgsplanen (kommunedelplan) i Hareid.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral og Brukt og Billig butikken
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. 3 møter i 2021.
- Arrangere frivilligmøte annen hvert år.
- Delta på aktuelle kurs.
- Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen, Rus og psykiatri, folkehelsekoordinator og pårørendegrupper.
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, AA forening, Hareid Idrettslag, Lions, HLF, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyngtgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening mfl.
- Være en del av samtaletilbudet Soknet og kommunen har gitt til innbyggerne under pandemien.

Aktivitetar

Aktivitetane er bygde opp etter fleire års erfaring. Her kan nemnast: Hobbyklubb to gongar i veka, karakveld, matkasseutdeling, bålkos på Rotarystien, Møteplassen kafe' på sentralen, besøksteneste på Hadartun, varesal på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, bibliotekdagar, åremålsbesøk, natteramn, høyrselshjelp, seniornett, innsamling av leike, klede etc. til asylsøkjjarar og flyktningar, årleg utdeling av frivilligpris, konsertar/førestillingar på Hadartun omsorgssenter, laurdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, «frokost for alle» mat og kultur, lekkesamling på biblioteket, arbeidsutprøving, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjonar. På grunn av pandemien har nokre av tilboda ikkje vore i drift dette året, nokre har vore åpne, med begrensingar.

I tillegg til faste aktivitetar er Frivilligsentralen eit «ope» kontor. I løpet av året er det svært mange samtalar, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, utan at det er mulig å talfeste eller telje dette.

Alle frivillige gjer eit arbeid for fellesskapen som det står stor respekt av, og vi er svært takksame for innsatsen som dei frivillige bidreg med for å skape eit godt lokalsamfunn. Vi er og takksame for eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald!

Vil du vite meir kva vi driv på med på sentralen? Då må du gjerne lese heile årsmeldinga (utvida utgåve) til Frivilligsentralen.



Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn

Heidi Pedersen Kvalsvik har vært tilsett som daglig leder i 100% stilling.

Styret for 2021 har vært sammensatt slik:

Fra Soknet:

Sissel Seljebotn. *Vara: Grete Røyset Bakken .*

Bjørg Vartdal Hareide. *Vara: Ragnhild Strømmegjerde*

Øyvind Grimstad Gryt. *Vara: Odd Melhus*

Fra Brukt og Billig butikken:

Elsa Bigset. *Vara: Torunn Haugen.*

Fra frivillige lag og organisasjoner: I år representert av Ulstein og Hareid Lions

Bjarne Sukka. *Vara: Kjartan Kvalsvik*

Sissel Seljebotn har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret.

Det har vært 4 styremøter, og det har blitt behandlet 12 saker. Vi har arbeidet en del med innspill til de nye forskriftene for Frivilligsentraler- og sendt uttale til Kulturdepartementet på det.

I tillegg har det blitt tatt noen avgjørelser på mail eller gruppe for styremedlemmer - når vi har vært avskåret for å møtes. Siden vi ikke har arrangert frivilligfest i år heller, har det ikke vært så mye praktisk for styret å ta del i.

Heidi Pedersen Kvalsvik

-leiar Hareid Frivilligsentral-



BABY- & ELDRETREFF: Til felles glede for store og små, Vinterhagen på Hadartun. Leia av Anvor Sukka, Torill Sæter og Reidun Sellereite. Foto: Hareid sokn

12. Kyrkjelydshuset

Vi hadde knapt tatt over huset då pandemien satte ein stoppar i mars 2020. Også 2021 har vore utfordrande i periodar med antalsbegrensingar og stopp på utleige av huset. Dette gir økonomiske konsekvensar. Heile 2021 har vore prega av pandemien, sjølv om vi fekk ei opning av samfunnet heile hausten som gjorde at det var aktivitetar i huset store deler av veka. Også utleige av huset tok seg opp den perioden.

Gjevartenesta gir sårt tiltrengte midlar til huset – også no i pandemien. Desse midlane er øyremerka kyrkjelydshuset. Nokre gir månadlege beløp og andre gir større eingongsbeløp, i 2021 utgjorde gjevartenesta flotte kr 109.000. Dette er vi svært takksame for, og vi skulle gjerne hatt endå fleire gjevarar - slik at vi kan fortsette å vidareutvikle huset.



KULTURDAG: Mange tok turen på kulturdagen i oktober, med ulike salsboder, song og underhaldning, matsal og lodd/tombola – til inntekt for huset. Sosialt og kjekt. Foto: Hareid sokn

Frivilligfest/julefest 7. desember

Etter årets siste fellesråd/soknerådsmøte er det tradisjon med ein samankomst og måltidsfelleskap med staben. Denne gong søkte vi Møre bispedøme om midlar for å kunne invitere inn til Frivilligfest der både frivillige, fellesråd/sokneråd og stab har ein sosial kveld i lag med både julemiddag og kjekt program (kl 19-21). Bispedømet støtta med kr 15.000 til arrangementet, i tillegg lodda vi ut julekrans m.m. der vi fekk inn om lag kr 5.000 – dette tilsaman dekte om lag kostnadane til frivilligfesten.

Inntektbringande aktivitetar

Gjennom året har det vore iversatt ulike aktivitetar som gav inntekter til huset. Treffpunkt som Mandagsvaflar, Onsdagsmiddarar, tombolakafe i bakhagen, deltaking på Marknadsdagen i Miljøgata i høve Opplev Hareid, kulturdag (som skulle vere ilag med årsmøtet) utgjekk grunna pandemien, men kulturdag på hausten fekk vi gjennomført med viktig inntekt til huset. «Min Favoritt» konsert 21. desember kvart år, der frivillige songarar



og musikarar stillar opp - gir også ei viktig og stor inntekt til huset.

Renovering og støtte-midlar

På slutten av året tok staben initiativ til renovering av sidesalen i 2. etg. Til dette fekk vi kr 50.000 i Vekst-midlar frå Møre Bispedøme for utvikling og tilrettelegging for funksjonelle rom på huset, innkjøp av ulikt utstyr slik at barn og unge får gode aktivitets- og undervisningsrom. Her valte staben også å bruke gåva som dei vant Trusopplæringsprisen for i 2014, kr 20.000. Sidesalen blei pussa opp, mala tak, veggjar og vinduskarmar. Arbeidet blei utført av frivillige og staben ilag. Nye lameller, ny ekstra varmpumpe, kjøkkenøy med kjøleskap, monitor med cromecast og lydplanke, ny belysning i taket med farger og dimming.

Sparebanken gav kr 25.000 i Teft-midlar slik at vi også kunne kjøpe inn møblar til dette prosjektet; sekkestolar, barstolar til kjøkkenøya, fargerike puffar, golvlampe, småbord, lyslykter og speil. Eit løft for huset og til inspirasjon for vidare arbeid!

Vi takkar for gåvemidlane, godt samspel og kyrkjelydsutvikling i praksis - med både Møre bispedøme, Sparebanken Møre, frivillige og staben.



12.1. Vil du støtte kyrkjelydshuset?

Ta kontakt med kyrkjekontoret 70095130, epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no, eller opprett fast trekk i din nettbank. Bruk kontonr. 3910.61.74494, evt vipps 525936 Hareid kyrkjelydshus. Midlane øyremerkast kyrkjelydshuset. Årleg gåve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.

13. Økonomi: Rekneskap og budsjett

FØREBELS DRIFTSREKNESKAP 2021

Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinnelig budsjett 2021	Regnskap 2020
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Tilskudd og gaver frå andre	-421 807	-366 521	-366 521	-399 873
Ordinært rammetilskudd	-3 980 927	-3 980 927	-3 980 927	-3 980 927
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
Tilskot og gåver frå andre	0	0	0	0
Offer innsamla til eiga virke	-124 085	-168 300	-168 300	-139 131
Andre generelle statstilskudd	-827 766	-672 000	-672 000	-693 164
Sum frie disponible inntekter	-5 566 586	-5 399 748	-5 399 748	-5 425 094
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	-2 077
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 740	2 000	2 000	6 385
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	25 000	25 000	25 000	25 000
Netto finansinntekter/-utgifter	27 740	27 000	27 000	29 308
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	362 685	0	0	240 140
Til bundne avsetninger	234 452	267 600	267 600	125 245
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-362 685	0	0	-458 954
Bruk av ubundne avsetninger	0	-161 455	-161 455	0
Bruk av bundne avsetninger	-164 384	-19 000	-19 000	-70 880
Netto avsetninger	70 068	87 145	87 145	-164 449
FORDELING				
Overført til investeringsregnskapet	0	19 000	19 000	216 779
Til fordeling drift	-5 468 777	-5 266 603	-5 266 603	-5 343 456
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	5 542 489	5 266 603	5 266 603	4 980 771
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	73 712	0	0	-362 685

Meirforbruk førebels rekneskap 2021	73 712
+Bruk av fond Kyrkjelydshus	30 131
+Bruk av fond Frivilligsentralen	47 313
+Bruk av fond Brukt & Billig	51 949
=Totalt meirforbruk 2021, inkl. bruk av fond	203 105

Årsak til meirforbruk 2021:

Kutt i rammetilskotet frå kommunen midtveis i 2021. Blei same rammetilskot i 2021 som i 2020 (kr 3.980.927)



BUDSJETT / REKNESKAP	Førebels rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsutgifter	1 899 557	1 817 042	1 918 765,00	1 920 213,00	2 001 135
Driftsinntekter	-402 056	-430 342	-408 500,00	-443 000,00	-409 500
KYRKJELEG ADMINISTRASJON: Resultat	1 497 500	1 386 700	1 510 265,00	1 477 213,00	1 591 635
Driftsutgifter	1 391 680	1 241 699	1 227 480,00	1 218 846,00	1 442 560
Driftsinntekter	-234 094	-104 305	-86 000,00	-86 000,00	-80 000
KYRKJA: Resultat	1 157 586	1 137 393	1 141 480,00	1 132 846,00	1 362 560
Driftsutgifter	942 719	499 568	748 391,00	804 748,00	825 653
Driftsinntekter	-492 418	-333 829	-317 000,00	-401 000,00	-352 000
KYRKJEGARD: Resultat	450 301	165 739	431 391,00	403 748,00	473 653
Driftskostnader	597 600	682 435	773 168,00	611 120,00	635 056
Tilskot frå staten/inntekter	-461 617	-416 439	-378 000,00	-416 000,00	-401 000
KYRKJELEG UNDERVISNING: Resultat	135 982	265 996	395 168,00	195 120,00	234 056
Driftskostnader	524 331	400 206	442 446,00	399 242,00	480 895
Tilskot frå staten/inntekter	-401 787	-400 518	-374 400,00	-337 000,00	-406 000
TRUSOPPLÆRING: Resultat	122 544	-312	68 046,00	62 242,00	74 895
Driftskostnader	97 219	60 538	93 360,00	64 495,00	83 029
Driftsinntekter	-39 459	-12 779	-26 000,00	-25 500,00	-20 000
KYRKJEMUSIKALSK ARBEID: Resultat	57 760	47 759	67 360,00	38 995,00	63 029
Driftskostnader	113 718	130 835	143 728,00	150 755,00	109 047
Inntekter/gåvemidlar/fond	-113 718	-130 835	-143 728,00	-150 755,00	-109 047
UNGDOMSARBEIDAR: Balanse	0	0	0,00	0,00	0,00
Driftskostnader	837 456	757 201	766 290,00	804 763,00	840 731
Tilskot og overføringar	-824 509	-736 534	-733 500,00	-751 000,00	-840 731
HAREID FRIVILLIGSENTRAL: Resultat	12 947	-20 667	32 790,00	53 763,00	0,00
Driftskostnader	366 263	356 457	70 000,00	412 000,00	384 500
Driftsinntekter	-313 952	-356 457	-70 000,00	-412 000,00	-384 500
BRUKTBUTIKKEN: Resultat	52 311	-97 486	0,00	0,00	0,00
Driftskostnader	689 192	689 739	237 000,00	746 521,00	829 000
Driftsinntekter	-659 061	-689 739	-237 000,00	-746 521,00	-829 000
KYRKJELYDSHUS: Resultat	30 131	-7 090	0,00	0,00	0,00
KOMMUNALT RAMMETILSKOT	-3 363 927	-3 363 927	-3 646 500,00	-3 363 927,00	-3 861 144
Offer/innsamlet til annen virksomhet	184 972	175 856	320 000,00	200 000,00	200 000
Overføring av offer/innsamlede midlar	-184 972	-175 856	-320 000,00	-200 000,00	-200 000
GUDSTENESTEOFFER:	0	0	0,00	0,00	0,00
RESULTAT: MEIR/MINDREFORBRUK	73 712,00	-360 650	0,00	0,00	0,00
BUDSJETTBALANSE	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00



14. Kommunikasjon & kontakt

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbygarane i Hareid kommune. Vi ønskjer å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid.

Kyrkjesida i lokalavisa:

Annakvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til mange husstandar. Dette er eit samarbeid med avisa og med Ulstein sokn som og leverer annankvar veke, ei verdifull ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved høve.



STABEN I HAREID SOKN: Foto: Erlend Friestad, Hareid kommune

Heimeside og sosiale media:

hareid.kyrkja.no (utan www). Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevform eller per epost. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral) og bruktbutikken (Gjenbruk – Brukt & Billig). Hareid kyrkje er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire av dei yngste.





VIPPS 525936
Kontonr. 3910.61.74494

- VIL DU BLI FAST GIVAR -
KYRKJELYDSHUSET

Hareid sokn
Rådhusplassen 6 (pb. 48)
6069 Hareid

Tlf. 700 95130
Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no
Heimeside: hareid.kyrkja.no
Facebook og Instagram: Hareid kyrkje

